

## FRÅVÆR

Når ein elev må vere borte frå skulen grunna sjukdom eller liknande, er det viktig at skulen får melding om dette så snart som råd. Send melding på transponder.

## FRÅVÆR PÅ GRUNNLAG AV PERMISJONSSØKNAD

Opplæringslova § 2-11 seier: *Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gje den enkelte eleven permisjon i inntil 2 veker. .... Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

For å få innvilga permisjon etter § 2-11, må det leggjast til grunn ein søknad som er godt grunngjeven.

- Søknad som gjeld fri **for inntil 2 dagar**, vert handsama av kontaktlærar.
- Søknad som omfattar **meir enn 2 dagar**, vert handsama av einingsleiar/rektor. Ein skriftleg søknad må vera skulen i hende **minst 14 dagar før** det planlagde fråværet.